



Alver kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug

Klage. Gjeld vedtak fatta av kommunen 17.06.2022 i sak 21/6278.

Klagen gjeld administrativt vedtak med saksnr.641/22.

I dette vedtaket skriv kommunen:

«Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gitt dispensasjon frå LNF føremålet og byggeforbodet i strandson for planering av 40m², samt oppføring av naust på følgjande vilkår:

1. *Tilførte massar utanfor naust vert fjerna.*

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-4 bokstav a) vert det gjeve løyve til oppføring av naust på gbnr.416/15 på følgjande vilkår:

Denne delen av vedtaket vert ikkje referert då det ikkje er noko her som det vert klaga på.

Søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF, byggeforbodet i strandsona og bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandson, jf. KDP 3.5 for etablering av brygge vert avslått, jf. pbl § 11.6.

Klagen gjeld etter dette følgjande punkt:

- At tilførte massar utanfor naust må fjernast for å få lov til å bygge naustet
- At det ikkje vert gjeve løyve til å etablere brygge langs fjellet aust for naustet.

Ein ber om at kommunen endrar vedtak. Det vert gjeve løyve til å la fyllinga slik han ligg i dag få stå, sjølv om naustet berre treng 40m².

Ein ber og om at det vert gjeve løyve til å bygge om lag 20m² brygge langs berget. Grunngevinga er at strandsona er bratt og ikkje brukbar. Det er ingen særleg verdiar i pollen, grunna både ureina vatn, at Kylleren alt er nytta til småbåthamn, samt at landskapet rundt er grodd att.

Ein inviterer Statsforvaltaren og kommunen sin sakshandsamar til å komme på synfaring.

Litt om området der tiltaka ligg.

Før ein tek føre seg dei einskilde punkta i grunngevinga for avslaga, vil ein gje ei utgreiing av korleis tilhøva er på staden. Dette meiner ein er naudsynt, då både tilrådinga frå Statsforvaltaren og grunngevinga frå kommune heng nøye saman med korleis ein ut frå ortofoto har gjort seg opp ei meining om strandsoneverdiane, landskapet og friluftsverdiane er på staden.

Tiltaka det er søkt om ligg i den inste delen av Norangsvågen. Området er avgrensa av bru over vågen, vidare av Knappen – ein høg knaus som avgrensar mot nord. I vika her ligg og Knappen båtlag sin småbåthamn. Den har vore her i om lag 40 år, og kom til som utviding av eit område der folk frå gammalt hadde trekt opp båt. Der hamna ligg er det einaste området langs denne inste delen der det kan seiast å vere tilgjenge til sjøen for å bade og fiske frå land.

Vidare rundt vågen er det bratte fjellskrentar og myrlendt grunn. Det er evjebotn.

Utlaup frå Klesvatnet kjem inst i vågen mot sør. Dette vatnet er særst ureina. Vidare rundt vågen kjem ein til området der eg vil føre opp naust og der eg alt har ført til nokre massar.

Her er det steile skrentar vakse over med tre som heng utover berga. Det finst ikkje svaberg og ein kan ikkje ta seg fram langs strandsona. Berga det er vist til i saksutgreiinga, er berre synlege ved fjære sjø. Det ein kallar svaberg er i realiteten det bratte flomålet.

Inst i vika der naustet har stått sidan lenge før 1961, var det før ei lita vik med djup evjebotn. Denne vika er det som er fylt ut. Området har no tilgjenge for folk flest og gjev grunnlag for både å bade og fiske.

Det ein vil peike på er at ortofoto og forvaltninga si tenking om kva det er ein ser på desse bileta, ikkje kan vere grunnlag for å forstå kva for verdiar som finst der naustet skal stå. Konklusjonen om at tiltaka eg har søkt om vil øydelegge og privatisere området vert såleis feil.

Berre ei synfaring på staden kan gje tilstrekkeleg informasjon.

Argument mot påstandane i vedtaket.

Slik ein forstår vedtaket, bygger argumenta som er nytta av kommunen, på uttalen som vart gjeve av Statsforvaltaren i høyringsuttale 19.04.2022. Det vert difor argumentert ut frå denne uttalen.

Først skriv Statsforvaltaren: *Strandsoneverdiene på ortofoto frå 2006 er store med naturleg strandsona om ein ser bort frå brygge og naust. Planering av området som vist på ortofoto frå 2018 er omfattande og reduserer i vesentleg grad strandsoneverdiene i bukta, både landskap og friluftslivverdiar. Planeringa er heller ikkje naudsynt for å føre opp naust. Vi viser til statlege retningsliner for differensiert forvaltning i strandsona.*

Etter dette avsnittet vert ei tilfeldig setning i regelverket sitert, men ein gjer ikkje merksam på nettopp sjølve poenget ved den differensierte forvaltninga, nemleg at landet er delt inn i tre soner med ulike føringar tilpassa utbyggingspress og trongen for vern av interessene som finst i strandsona. Desse interessene er som synt natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og ålmenta sine interesse.

Heile Radøy si strandsona ligg i sone tre – område med mindre press.

For desse områda i sone 3 gjeld «i områder utan press vil det være enklare for kommunen å gje løyve.» Samstundes skal ein sjølvsagd ta omsyn til områder med særlege verdiar for dei omsyna som er nemnt.

Som synt over har staden der naustet ligg, små verdiar for ålmenta, for naturen, for kulturmiljøet og landskapet.

Ålmenta kan ikkje ta seg fram i området grunna bratt kystline og overhengande tett vegetasjon, det kulturmiljøet som måtte finnast er knytt til nettopp tidelgare tider sin bruk av kysten. Det nye naustet og brygga/fylling er freistnad på å utbetre området slik at det kan nyttast av ålmenta. Det er nettopp den vesle fyllinga som vil føre til at folk kan komme til sjøen her. At ein kan legge til med ein liten båt og bade. Utan fyllinga er det evjebotn utan tilgjenge. Står naustet der utan område rundt, kan berre me som eig naustet gå ned å sette ut båt. Heller ikkje me kan nytte strandsona til noko.

Landskapskvalitetane som ligg oppe i bakkane er ikkje synlege frå strandsona grunna at det er særst bratt og høgt opp. Etter vårt syn vil difor løyve til å la fyllinga ligge, vere i samsvar med retningslinene for sone tre i dei statlege føre segnene.

Vidare skriv «forvaltaren» at den omsøkte brygga ser ut til å skulle plasserast i urørt del av strandsona. Brygga vil vere privatiserande.

Det er rett at det frå før ikkje er var ei brygge slik det er søkt om, nett her. Det skuldast at staden der vi vil legge brygga er ein bratt fjellskrent som heng ut over vatnet. Ingen kan nytte skrenten til noko. Ein kan ikkje ta seg fram der. Det er ikkje eit svaberg.

Når den vesle brygga eventuelt vert bolta fast i berget, vil «alle» kunne legg til med ein liten båt. Brygga vil vere nokså usynleg frå resten av pollen.

Som synt før er vasskvaliteten i Kylleren dårleg. Dette igjen har sin årsak i at vatnet som renn ut inst i vågen er sterkt ureina. Dette går fram av Statsforvaltaren sine undersøkingar i samband med forvaltninga av vassdraga i Radøy. Ålmenta sine interesser knytt til tur, fiske, strandsone osv. i Kylleren er difor små.

Slik ein ser det er kommunen sitt vedtak om å krevje at fyllinga skal fjernast bortsett frå under naustet, samt at den vesle brygga ikkje vert gjeve løyve til å bygge, gjeve på feil premisser. Ein har ikkje undersøkt tilhøva på staden, men berre sett på eit lite utsnitt av området på eit ortofoto.

Det vert og hevda at fyllinga er bygget utan løyve. Søker spurde i si tid Radøy kommune om det skulle skrivast noko om denne fyllinga for å gjere synleg at tiltaket vart tolka av kommunen sin sakshansamar som å vere dekkja under vedtaket frå 2005. Når ein har søkt om løyve no, er det for å komme administrasjonen i ny kommune i møte.

Med helsing

Mjøs 12/8-22

Unni Mjøs Haugland

Unni Mjøs Haugland